

Vår saksbehandlar: Vigdis Edvardsen

Vår dato:
11.07.2019
Dykkar dato:
09.07.2019

Vår referanse:
2019/8730
Dykkar referanse:

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Tilskot til innkjøp av digitale læremiddel i 2019

Statsbudsjettet for 2019 vart vedtatt av Stortinget i desember 2018 med ei budsjettramme på 48 mill. kroner. Budsjettramma vart justert til 68 mill. kroner i RNB.

Vi viser til mottatt søknad om tilskot for 2019.

Målet med tilskotsordninga er å bidra til at elevar og lærarar får tilgang til eit mangfald av digitale læremiddel av høg kvalitet. Ordninga skal stimulere kommunar og fylkeskommunar til innkjøp av digitale læremiddel.

Målgruppe for ordninga er elevar, lærlingar, lære kandidatlar og lærarar i offentlege grunn- og vidaregåande skolar i Noreg.

Tilskot i 2019

Utdanningsdirektoratet imøtekjem søknaden. Tilskot til utbetaling i 2019:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Tilskudd til innkjøp av digitale læremidler	1174,00	Jan-Des	145,98	171 381,00
Totalt:	1174,00			171 381,00

**Endelegje KOSTRA-tall per 1.10.2018, publisert 16. juni 2019, eller det oppgitte elevtalet som det er søkt for.*

Beløpet blir utbetalt med det første til konto 15031883722.

Tilskotsmottakar sin eigenandel

Sats per elev var ifølgje utlysing på kr 95,-. Vi har mottatt søknader for totalt 465 819 elevar. Dette medfører ein auke i sats per elev til kr 145,98 for 2019.

Høgare sats får ikkje konsekvensar for eigenandelen. Eigenandelen er konstant og utgjør 70 % av tilskot berekna ut ifrå ein elevsats på kr 95,- per elev.

Eksempel på utrekning av eigenandel:

Grunnlag for eigenandel: 10 000 elevar x kr 95 = kr 950 000

Mottakar sin eigenandel: (kr 950 000/30 %) x 70 % = kr 2 216 666

Vilkår for å få tilskot

Følgjande vilkår må vere oppfylt:

- Midlane må brukast i 2019. For læremiddel som blir seld med eittårig lisens skal midlane gå til å dekkje tilgang for skoleåret 2019/2020.
- Tilskotsmottakar er forplikta til å bidra med berekna eigenandel.
- Skoleeigar står fritt til å disponere midlane til innkjøp av læremiddel som inngår i ordninga. Fag, trinn, tal lisensar og tal læremiddel er det skoleeigar som rår over.
- I 2019 er det eit krav at tilskotsmottakar
 - * har ein infrastruktur som mogleggjer føremålstenleg bruk av læremidlane
 - * har ein plan for systematisk kompetanseheving i val og bruk av digitale læremiddel
 - * har bistand til skolar som har behov for IKT-støtte
 - * har kompetanse som tek i vare administrasjon av og oppdatering av Feide-installasjonen
 - * involverer skoleleiar og pedagogisk personale i innkjøp av digitale læremiddel
 - * brukar rettleiar for kvalitet i læremiddel i dei fag der dei ligg føre

Rapportering til Utdanningsdirektoratet

Tilskotsmottakar skal rapportere til direktoratet og skal opplyse om:

- fag og trinn for innkjøpte digitale læremiddel
- kva for leverandørar tilskotsmottakar har kjøpt digitale læremiddel frå
- talet på lisensar kjøpt for elevar og lærarar

Rapportering skjer digitalt på eige skjema. Tilskotsmottakar vil få tilsendt ein e-post med lenke til rapporteringsskjema ultimo 2019.

Anna

Tilskotssmottakar har plikt til å melde frå til Utdanningsdirektoratet dersom grunnlaget for tilskotet blir endra eller fell bort.

Tilsegn om tilskot er gitt med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for budsjettåret 2019.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir brukt etter føresetnadane, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hjå tilskotsmottakar for å kontrollere at tilskotet er nytta i samsvar med føresetnadane, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Meland kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnadane, eller på annan måte har brote vilkåra for tilskotet, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake tilskot eller krevje det tilbake. Ved feil i utrekning eller utbetaling av tilskot kan det bli gjort avrekning i påfølgjande tildelingar, eller tilskot kan krevjast tilbakebetalt.

Vi viser til Utdanningsdirektoratet si nettside Udir.no.

Med helsing

Bjørn Erik Rasmussen
avdelingsdirektør

Vigdis Edvardsen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Oversikt over tilskotsgrunnlag og berekning av eigenandel